



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 16/38	Klassering:

### Innbyggjarhøyring – kommunereform (Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – datert 1. mars 2015 ut på høring. Høringsperioden vert sett til fra 7. mars til 30. april.
2. Kommunestyret vil i høringsperioden gjennomføre eit folkemøte. Administrasjonen får fullmakt til å planelegge den praktiske gjennomføringa av dette.
3. Innbyggjarundersøkinga vedteken i sak 13/16 skal omfatte begge intensjonsavtalene.

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

#### Bakgrunn:

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å endra kommunestrukturane. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2013.

Kommunestyret i Lindås vedtok i sak 125/14 følgjande:

«Lindås kommune går i reelle drøftingar og ein stiller seg positiv til at andre Nordhordlands-kommunar deltek. Det må minimum vere interesse frå både Radøy og Meland for at Lindås skal gå inn i reelle drøftingar. Lindås kommune kjem ikkje til å gjennomføre sonderingar eller utgreiingar i forhold til å gå inn som ein del av Bergen kommune. Rådmenna i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur, får i oppdrag å utarbeide nærmare prosjektplan og framlegg til utkast for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet. Malen for intensjonsavtalens og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.»

Lindås kommune har delteke i to samanslåingsprosjekt. Det eine omfattar Meland, Radøy og Lindås og det andre omfatta opphavleg i tillegg til desse, Modalen, Masfjorden, Gulen, Solund og Fedje.

Fleire av desse kommunane har også delteke i andre utgreiingar. Meland og Radøy har gjennom ulike vedtak i kommunestyret trekt seg frå Nordhordlandsalternativet.

Lindås, Meland og Radøy utarbeidde våren 2015 ei utgreiing som skulle svara på kvifor ein skulle byggja ein ny kommune. Utgreiinga er vart fylgt opp etter valet hausten 2015. I sak 4/16 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2015 ut på høring. Høringsperioden vert sett til frå 8. februar til 31. mars.*
2. *Kommunestyret vil i høringsperioden gjennomføre folkemøter i Knarvik, i Alversund, på Lindås og på Ostereidet. Administrasjonen får fullmakt til å planelegge den praktiske gjennomføringa av desse.*
3. *Kommunestyret vil i høringsperioden gjennomføre ein opinionsundersøking. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om gjennomføring av opinionsundersøking til kommunestyremøte 3. mars 2016.*

Denne saka omhandlar intensjonsavtala for alternativet med Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy.

Det vart føresett i sak 4/16 at konklusjonane i høve innbyggjarhøyring også skulle dekke eventuelle andre samanslåingsalternativ.

#### **Saksutgreiing:**

Saksutgreiinga frå sak 4/16 og det politiske vedtaket i denne saka vert lagt til grunn. Det inneber tre høyringsmetodar:

- 1) Saka vert lagt ut til høring i ei gitt høringsperiode.
- 2) Det vert gjennomført folkemøte.
- 3) Det vert gjennomført ei innbyggarundersøking.

Høringsperioden vert sett til frå 7. mars til 30. april. Høringsperioden vert då om lag like lang som i alternativet med Lindås, Meland og Radøy.

Dei prinsipielle problemstillingane knytt til kommunereforma er informert om og drøfta i fire folkemøter allereie. Det er ikkje store prinsipielle skilnader frå tre-kommuneavtala til åtte-kommuneavtala. Det bør likevel haldast eit folkemøte slik at ein kan informera om dei skilnadene som er i avtalene og få drøfta konsekvensen. Eit nytt folkemøte vil også gi ein moglegheit til dei som ikkje hadde høve til å møte på folkemøta i februar.

Det vert ikkje lagt opp til eiga innbyggarundersøking for dette alternativet. Innbyggarundersøkinga vedteken i sak 13/16 skal omfatte begge alternativa.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost